




Eit slikt spinnehjul for spinning av ull- eller lintråd blei funne på Staurheim

Håsårudhåttan

– Gravfelt, kolmile, holveggar og Bordvegen

Her i Håsårudhåttan er det bevart over ti gravhaugar, fleire holveggar og ei stor kolmile, i tillegg til den historiske Bordvegen. Følgjer du rundløypa SPINNEHJULET som er merka med blått og spinnehjulsymbolet, vil du kunne sjå nesten alle dei kjente kulturminna. Der vil du få eit innblikk i bruken av Håsårudhåttan dei siste 2000 åra. Håsårudhåttan høyrer i dag til garden Staurheim som har historie heilt tilbake til eldre jernalder, og er ein av dei eldste gardane i Bø. Ved utgraving av andre gravfelt på garden blei det funne mellom anna ei jernøks, vevskei og skjoldbule.



Gravhaugane

Gravfeltet i Håsårudhåttan omfattar over 10 godt bevarte gravhaugar. I kvar enkelt haug er det gravlagt ein eller fleire personar. Dette skjedde i tidsromet frå omkring år 0 og fram til folk tok i bruk kristen gravskikk på 1000-tallet.

Bortsett frå to er alle gravhaugane rundhaugar. Ved Bordvegen ligg det to langhaugar. Slike haugar representerer oftast kvinnegraver. Dei som var høgt akta eller eigde store verdiar, fekk store haugar, mens folk flest ikkje fekk nokon haug i det heile tatt. Det er derfor svært sannsynleg at det finst fleire graver i området her enn dei som er markert på kartet – t.d. graver med liten haug eller graver utan haug. Frå andre kantar av landet er det kjent at det var eigaren av garden som blei hauglagt.

I arkiva kan ein lesa at adjunkt Winther fekk grave ut fleire haugar på

Staurheim i 1880. I ein av haugane fann han eit spinnehjul av brent leire som kunne daterast til Romertid (0-400). Mens mange gravhaugar har plyndringsgrop, er det ein av haugane på dette feltet som skil seg ut ved ei firkanta nedgraving. Truleg er dette ein av haugane som Winther grov ut. Gravhaugar er våre mest personlege kulturminne. Dei fortener respekt både når det gjeld den gravlagde, og som påminning for komande generasjonar om tider som har vore. Det er lett å gløyme at dette er ein gravplass på same måte som dagens kyrkjegardar.



Kolmila og kolgroper

Kolframstilling har vore eit viktig ledd i produksjon og forming av jern heilt tilbake til 500 år før vår tidsrekning. Dei eldste spora ein finn etter slik aktivitet, er enkle groper i bakken, ofte ikkje større enn 2-3 meter i diameter. Her i Håsårudhåttan ligg det derimot ei stor kolmile på heile 18 meter i tverrmål. Mila er synleg som ei stor rund flate med fleire groper omkring. Under torva ligg det framleis eit tjukt lag kol. Kolmilene er ofte ikkje eldre enn 300 – 400 år.





Holvegane

Restar etter dei eldste ferdselvegane ein kjenner til, kallast holveggar. Desse syner seg som u-forma forsenka stiar som oftast følgjer naturgitte passasjar. Holvegane er vanskelege å tidfeste, men mange av dei vitnar om bruk heilt tilbake til jernalderen. Det som gjer holvegane i dette området spesielle, er at dei passerer tett opptil gravhaugane. Dette er ikkje vanleg, og vitnar om ein viss samanheng mellom dei to kulturminna.

Bordvegen

Langs kulturminnefeltet går Bordvegen som blei brukt til å transportere tømmer og plankar utanom Vrangfoss. Det er kjent at vegen var i bruk omkring 1770, men han har truleg vore i bruk lenge før den tid.



Kulturminnestien i Håsårudhåttan



Spinnhjulet

Kulturminnestien er merka i terrenget med eit spinnehjul. Eit slikt spinnehjul vart funne i ei av gravane her i området. Spinnhjulet blei bruka som eit lodd på ein handtein. Handtein er ein reiskap til spinning. Ein handtein er vanlegvis sett saman av ein lang, kvass pinne og eit relativt tungt spinnehjul (c) som til dømes kan vera av kleberstein, brent leire eller bly. Spinning med handtein er den eldste måten å spinne tråd som ein veit om.



Spinning med handtein. Denne måten å spinne på går tilbake til eldre jernalder

Kulturminna er freda ved lov om kulturminne.

SPONSORAR

